

St meld nr 49

(1996–97)

Prinsipp for rangering av søkjarar til studium ved universitet og høgskolar

Innhald

		Side			Side
1	Innleiing	3	4	Drøfting av komponentar i opptaksregelsettet i høve til ulike omsyn	12
1.1	Bakgrunn for melding om rangering av søkjarar til universitet og høgskolar	3	4.1	Utgangspunktet for vurdering	12
1.2	Ny lov om universitet og høgskolar	3	4.2	Verknader i vidaregåande opplæring	12
1.3	Arbeidet med nye forskrifter	4	4.2.1	Karakterpoeng	12
2	Om opptakssituasjonen og opptaksreglar innan høgere utdanning sidan 1990	5	4.2.2	Fordjupingspoeng - bonuspoeng:	13
2.1	Kort historikk	5	4.2.3	Primærvitnemål som opptaksgrunnlag ..	15
2.2	Felles opptaksforskrift for høgskoleutdanning frå 1992	5	4.3	Omsynet til søkjarar med yrkeskompetanse og generell studiekompetanse	16
2.3	Utviklinga ved universitet og vitskaplege høgskolar	6	4.4	Omsynet til andre søkjargrupper	17
2.4	Samordna opptak og ny opptaksmodell	6	4.4.1	Søkjarar med generell studiekompetanse på anna grunnlag enn vidaregåande opplæring	17
2.5	Definisjonar og omgrep	7	4.4.2	Søkjarar som har forbetra karakterar frå vidaregåande skole	17
3	Prinsipp og overordna omsyn ved opptak til universitet og høgskolar	9	4.4.3	Søkjarar med studiekompetanse på grunnlag av 2 år høgere utdanning	17
3.1	Vilkår for å regulere tilgangen til universitet og høgskolar	9	4.5	Rangering av søkjarar utanom primærvitnemålssknoten	18
3.2	Omsyn som opptaksreglar må avvegast mot	9	4.5.1	Drøfting av ulike handlingsalternativ	18
3.3	Modellar for samordning av opptaksreglar	10	4.5.2	Tilleggs-poeng	18
3.3.1	Bakgrunn	10	4.5.3	Kriterium for val mellom søkjarar med lik poengsum	20
3.3.2	Argument for og mot eitt felles regelsett:	10	4.6	Kvotar som verkemiddel	20
3.3.3	Felles prinsipp for opptak, men høve til ulik vekting	10	4.7	Opptak utanom poengreglane etter individuell vurdering	20
3.3.4	Ulike felles regelsett etter utdanningsveg	11	4.8	Opptaksprøver som rangeringskriterium	21
3.4	Departementet si vurdering	11	5	Oppsummering av departementet sine konklusjonar	22
			5.1	Eitt felles regelsett	22
			5.2	Komponentar i eit felles regelsett	22
			5.3	Overgangsordningar og iverksetjing	22
			6	Økonomiske og administrative konsekvensar	23

St meld nr 49

(1996–97)

Prinsipp for rangering av søkjarar til studium ved universitet og høgskolar

Tilråding frå Kyrkje-, utdannings- og forskingsdepartementet av 2. mai 1997, godkjend i statsråd same dagen.

1 Innleiing

1.1 BAKGRUNN FOR MELDING OM RANGERING AV SØKJARAR TIL UNIVERSITET OG HØGSKOLAR

Då Stortinget i januar 1997 behandla St.meld. nr. 51 (1995-96) Om folkehøgskolen og utdanningssamfunnet, fatta Stortinget følgjande vedtak:

«Stortinget ber Regjeringa gjere ein gjennomgang og ei vurdering av bruk av poeng for andre utdanningstilbod m.v. enn folkehøgskolane ved opptak til høgare utdanning. Dette vert å leggje fram som sak for Stortinget.»

I merknadene i Innst. S. nr. 91 (1996-97) heiter det som grunngeving for vedtaket:

«*Fleirtalet* viser til at det ved innføring av felles reglar i 1992 for opptak til regionale høgskolar blei gjort ein gjennomgang av ordninga med tilleggs-poeng ut over generell studiekompetanse. Bakgrunnen var eit behov for å rydde opp i eit utal av opptaksreglar, med m.a. 50 alternativ for å berekne tilleggs-poeng. Gjennomgangen førde til ei sanering av systemet med konkurransepoeng. Ved sida av alderspoeng vert det i dag gjeve maksimalt to konkurransepoeng for studium ved universitet eller høgskole og eitt poeng for avlagd sivil eller militær førstegongssteneste. Det kan i tillegg gjevast poeng på grunnlag av fordjupingsfag frå vidaregåande skole og til søkjarar av det kjønnet som er underrepresentert blant studentar eller yrkesutøvarar frå ei utdanning. *Fleirtalet* meiner det er naudsynt med stor grad av atterhald i høve til å dele ut konkurransepoeng ut over generell studiekompetanse. Tildeling av poeng til folkehøgskoleutdanning bør etter *fleirtalet* si meining ikkje føre til ei gjenopning av ei generell ordning med tilleggs-poeng for ei rad utdanningar.»

Departementet har valt å fremje ei stortingsmelding om dei prinsippa som skal gjelde for rangering av søkjarar ved opptak til grunnutdanningar ved universitet og høgskolar, i dei tilfelle der det er fatta

vedtak om regulert tilgang. Med grunnutdanning meiner departementet det vanlege opptaket til studium eller fakultet ved universiteta og opptak til studium ved høgskolane, som ikkje krev anna gjennomført høgare utdanning.

Departementet meiner at det så snart som mogeleg er ønskjeleg å få klarlagt kva prinsipp som skal gjelde ved opptak til studium. Departementet drøftar derfor desse spørsmåla utan å initiere eit nytt utgreiingsarbeid gjennom eit offentleg utval e l. Departementet vil på grunnlag av dei prinsippa Stortinget legg til grunn, utarbeide eit regelsett, som må sendast på høyring før det kan bli sett i verk.

1.2 NY LOV OM UNIVERSITET OG HØGSKOLAR

Etter lov om universitet og høgskolar av 12. mai 1995 nr. 22, som vart sett i verk 1. januar 1996, er det departementet som skal fastsetje reglar om utdanningskrav for opptak og reglar om rangering av søkjarar til universitet og høgskolar. Etter lova skal departementet fastsetje:

- det generelle grunnlaget for opptak som student (generell studiekompetanse), med krav til fagsamansetjing og timefordeling i vidaregåande opplæring, jf. § 37 nr. 1
- retningslinjer for yrkespraksis kombinert med anna utdanning som opptaksgrunnlag, jf. § 37 nr. 2
- unntak frå kravet om generell studiekompetanse for enkelte studium eller fag, jf. § 37 nr. 3
- spesielle opptakskrav i tillegg til kravet om generell studiekompetanse for enkelte studium eller fag, jf. § 37 nr. 4
- reglar om rangering av søkjarar til høgare utdanning, jf. § 39 nr. 3

1.3 ARBEIDET MED NYE FORSKRIFTER

Prinsippa for kva som skal utgjere det generelle grunnlaget for opptak til universitet og høgskolar, vart avklarte gjennom St.meld. nr. 33 (1992-93) Kunnskap og kyndighet og Stortinget si handsaming av meldinga. Slik vart det fastsett kva for fag som skulle vere obligatoriske for alle som skulle få studiekompetanse gjennom eit tre-årig løp i den vidaregåande skolen. Dette har lege til grunn for fagplanarbeidet i Reform 94. I same melding la departementet fram prinsippa for fordjupingspoeng, og Stortinget hadde ikkje merknader til dette.

Hausten 1994 vart det gjennom rundskriv varsla at generell studiekompetanse ville bli innført som opptaksgrunnlag i heile universitets- og høgskolesektoren. Departementet har fastsett felles forskrift om generell studiekompetanse som grunnlag for opptak til universitet og høgskolar, først gjennom ei mellombels forskrift for studieåret 1996/97, så ei ny forskrift med verknad frå studieåret 1997/98.

Forskrift om kva for studium som skal unntakast

frå kravet om generell studiekompetanse, og kva for studium som skal ha spesielle opptakskrav i tillegg til kravet om generell studiekompetanse, skal sendast på høyring før regelsettet kan bli fastsett. Universitet og vitskaplege høgskolar kunne tidlegare fastsetje spesielle opptakskrav sjølve, medan lov om universitetet og høgskolar legg avgjerda til departementet. Dette arbeidet har som utgangspunkt at det skal bli eit meir samordna og oversiktleg regelsett på dette området, slik at ein unngår skilnader i krav ved opptak til eitt og same studium ved ulike lærestader. Desse spørsmåla blir ikkje tekne opp i denne meldinga.

Inntil nye forskrifter er på plass, har universiteta og dei vitskaplege høgskolane fått mynde til å nytte dei reglane dei sjølve har fastsett tidlegare når det gjeld spesielle opptakskrav og rangering av søkjarar. For dei statlege høgskolane er den tidlegare forskrifta på dette området blitt vidareført med nødvendige endringar etter at generell studiekompetanse vart definert som felles grunnlag for opptak til universitet og høgskolar.

2 Om opptakssituasjonen og opptaksreglar innan høgre utdanning sidan 1990

2.1 KORT HISTORIKK

Universitetslova av 1989 gav departementet mynde til å fastsetje det generelle grunnlaget for opptak til studium, medan universiteta og vitskapelege høgskolar hadde mynde til å fastsetje reglar om rangering og spesielle opptakskrav sjølv. Styret ved den enkelte institusjonen skulle fastsetje eventuelle spesielle opptakskrav, medan rangeringsreglar for studium med regulert tilgang vart fastsette på avdelingsnivå. Slik vart det ulike opptaksreglar til forskjellige fakultet og studium ved ein institusjon, og til det same studiet ved fleire universitet.

I høgskolesektoren var det før 1992 ulike opptaksreglar for den enkelte utdanninga eller for same høgskoleslag. Det var departementet som fastsette desse reglane.

I sum gav dette eit sær innfløkt system. Reglane bygde på ulike prinsipp, og det var skilnader på ei rekkje område: det var

- 51 ulike alternativ for inndeling i opptaksgrupper
- 56 variasjonar med omsyn til krav om forkunnskapar
- 34 ulike formuleringar for karakterutrekning
- 50 alternativ for utrekning av tilleggspoeng
- ulike formuleringar for opptak på særskilde vilkår

I nokre tilfelle talde alle karakterane frå vidaregåande skole; andre stader talde fire. Det var skilnad på kva uttelling t.d. folkehøgskole eller anna utdanning gav. Sameleis var det med erfaring frå arbeidslivet. Poengskalaen var ulik, og tala på tilleggspoeng ein kunne oppnå, var forskjellige. Til nokre utdanningar kunne søkjarane samle tilleggspoeng i 6 - 7 år.

Systemet med tilleggspoeng førte til at søkjarane samla poeng i mange år, og dei same søkjarane konkurrerte framleis med kvarandre, men med høgre poengsummar. Reglane om tilleggspoeng for mange av høgskoleutdanningane verka som hinder som dei fleste måtte gjennom, slik at berre få søkjarar kom inn før ved 23 års alder. Dette vart problematisk både samfunnsøkonomisk og for den enkelte.

Retningslinene om godskriving av poeng for arbeid var detaljerte, og grensedragingane kunne opplevast som lite rimelege. Søkjarane måtte sende eigen søknad med full dokumentasjon til kvar institusjon dei søkte opptak til. Opptaket vart gjort av universitetet eller høgskolen sjølv, med visse yrkesutdanningar innan høgskolesektoren som unntak: det var fellesopptak til all lærarutdanning, og tilsvarande galdt sosialarbeidarutdanningane.

Søkinga til universitets- og høgskoleutdanning auka sterkt frå omkring 1990. Di fleire som ikkje kom inn, di sterkare press vart det på tilleggspoeng og privatisteksamenar for å forbetre karakterar frå vidaregåande skole. Dette retta søkjelys både på innhaldet i reglane, skilnader ulike regelsett imellom og på organiseringa av opptaket. Utfordringa låg på fleire plan: å skaffe studieplass til flest mogeleg av søkjarane innebar også å syte for eit effektivt opptakssystem, slik at attraktive studieplassar ikkje vart ståande ledige på grunn av opptaksprosedyrane. Det var behov for betre oversikt og meir kunnskap om søkjarane, om opptaket og om korleis reglane verka.

2.2 FELLES OPPTAKSFORSKRIFT FOR HØGSKOLEUTDANNING FRÅ 1992

Det var mange omsyn som låg bak det felles opptaksregelsettet som i 1991 vart fastsett for opptak til grunnutdanningar i høgskolesektoren, og som blei sett i verk frå 1992. Mange regelsett og ulike prinsipp vart oppfatta som uoversiktlege, og skilnadene kan hende ikkje rettvis. Med mange søkjarar vart det behov for reglar som var lettare å administrere under opptaket. Det var òg eit hovudomsyn at det ikkje skulle løne seg å velje lettaste vegen gjennom vidaregåande skole. Det var ønskjeleg med reglar som sikra at ikkje alle måtte gå omvegar og skaffe seg tilleggspoeng.

Avvegingane gav som resultat det system som framleis gjeld med følgjande hovudprinsipp:

Alle karakterar frå vidaregåande skole skulle telje. Det vart gjeve såkalla *fordjupingspoeng* for elevar som valde tyngre fagkombinasjonar enn det som var obligatorisk på studieretning for allmenne fag.

I staden for poeng for definerte skoleslag og erfaring frå arbeidslivet vart det gjeve *alderspoeng* i inntil 4 år frå 20 til 23 år. Det gav rom for at søkjarane kunne betre sin plass i køen gjennom ulik verksemd, og utan at yrkespraksis eller visse utdanningar vart autoriserte omvegar til høgskoleutdanning. Slik fanga ein opp aktivitetar som kan vere gode for den enkelte, samstundes som studentflokkene fekk varierende kvalifikasjonar.

Det vart likevel gjort eit unntak, slik at eitt år i høgre utdanning gav 2 poeng, i tillegg til alderspoenga. Høgre utdanning talde ikkje utover dette.

Heilt nytt var prinsippet om ein ungdomskvote: 30% skulle takast opp berre på grunnlag av skolepoenga. Slik skulle ein sikre at det var reelle sjansar til å komme inn rett frå vidaregåande skole og unngå ei

oppopping av søkjarane, slik ein hadde sett på visse attraktive studium.

For søkjarar utan fullført vidaregåande skole vart det kravt at søkjaren var minst 23 år, hadde minst fem års erfaring anten frå arbeidslivet eller skolegang og ein kjerne allmenne fag definert for det enkelte studium.

Dei nye reglane sikra at unge søkjarar kunne komme inn på alle utdanningar. Den relative vekta av tilleggs poeng vart redusert. Også for søkjarar som ikkje høyrde heime i ungdomskvoten, gjekk snittalderen ned. Stimulansen til å ta andre utdanningar for å betre sjansane til opptak, fall bort eller vart svekt ved at berre eitt års utdanning på høgre nivå kunne telje. Arbeidserfaring var ikkje lenger i praksis eit krav for opptak. Reglane oppmuntra i sterkare grad til innsats i alle fag i vidaregåande skole, og val av krevjande kombinasjonar i skolen gav løn for strev.

Reglane om at søkjarar som var 23 år, og som samla hadde 5 års arbeidserfaring eller skolegang, kunne få opptak når dei kunne dokumentere kunnskapar i minstekravsfaga, formaliserte og standardiserte ulike vegar for vaksne søkjarar.

2.3 UTVIKLINGA VED UNIVERSITET OG VITSKAPLEGE HØGSKOLAR

Universiteta og dei vitskaplege høgskolane vart gjennom brev hausten 1991 bedne om å byggje sine opptaksreglar på dei same prinsippa som reglane for høgskolane. Dette var på viktige punkt i samsvar med ei delinnstilling om felles reglar for opptak til universitet og høgskolar i Noreg frå ei arbeidsgruppe leia av professor Bjørn Pedersen. Ei slik harmonisering har i hovudtrekk skjedd, men det er framleis skilnader med omsyn til kor mykje vekt det er lagt på skolepoeng i høve til anna verksemd. Det er vidare eit gjennomgåande trekk at tilleggs poenga for alder har mindre vekt ved opptak til universitet og vitskaplege høgskolar, og at fullført høgre utdanning har talt meir.

2.4 SAMORDNA OPPTAK OG NY OPPTAKSMODELL

Når mange studium hadde strengt regulert tilgang, svarta søkjarane med å sende inn mange søknader. Ikkje berre gav dette mykje arbeid for opptaksorganen, men det førte til at mange av studieplassane kunne bli ståande ledige, fordi somme søkjarar fekk mange tilbod, og tok imot tilbod frå fleire lærestader. Ingen hadde oversyn over kor mange personar som søkte, berre kor mange søknader som var komne inn.

Departementet kjende behov for å få oversikt over søkninga til høgre utdanning. I september 1990

vart det nedsett ei arbeidsgruppe, leia av professor Bjørn Pedersen. Grappa skulle utarbeide framlegg til samordning av opptaket, mellom anna om det kunne skipast eit system der søkjarane kunne sende berre ein søknad. Grappa skulle vurdere endringar og standardisering av opptaksreglar og gje råd om informasjonsopplegg til søkjarane.

På grunnlag av tilrådinga frå Bjørn Pedersen-grappa vart det i 1991 skipa eit sekretariat med namnet Samordna opptak. Samordna opptak var først organisert som eit to-årig prosjekt med føremål å utvikle og drive eit sentralt register over søkjarar til høgre utdanning. Det vart sett felles søknadsfristar, siste frist for utsending av tilbod om studieplass og felles svarfrist. Samordna opptak kunne på kort varsel gje statistiske data om opptaket, og det vart gjennomført pilotopplegg med ein samordna opptaksmodell for grupper av studium som før hadde hatt egne opptak ved den enkelte høgskole. I april 1993 vedtok departementet å føre vidare Samordna opptak, og oppnemnde ei styringsgruppe som i tillegg til å ha det løpande ansvaret, fekk som oppgåve å fremme forslag om ein nasjonal opptaksmodell for opptak til grunnutdanningar ved universitet og høgskolar. Frå 1994 vart fellesopptaka til lærarutdanning og sosioarbeidarutdanningane overførte til Samordna opptak.

Frå 1995 har det vore ein ny opptaksmodell som inneber at kvar søkjar berre sender *ein* søknad når han eller ho søkjer til høgskolestudium. Modellen inneber at institusjonane gjer saksbehandling for kvarandre. Søkjaren får berre tilbod om opptak til eitt studium, men det er eit felles ventelistesystem, slik at ein kan få tilbod om opptak dersom det blir ledig plass på andre høgre prioriterte studium. Det er også utvikla godt informasjonsmateriale som gir oversyn over alle søknadsalternativ og poenggrenser ved siste opptak. Under sjølve opptaket blir det lagt ut informasjon på tekst-tv og i ei automatisert telefoneneste. Det er også oppretta eit såkalla resttorg, slik at søkjarar får vite kva studieplassar som er ledige etter det ordinære opptaket.

Samordna opptak har etablert ei teneste som samla sett gjev søkjarane god service. Arbeidet med søknadene er effektivisert for institusjonane under eitt. Opptaksmodellen gjev oversyn over utviklinga medan opptaket går føre seg, noko som legg til rette for ei betre utnytting av studiekapasiteten. Frå 1996 er universiteta også med i denne ordninga. Det manglar likevel framleis noko før dei deltar i samordninga på full line med dei andre lærestadene.

Data frå Samordna opptak synte at problema knytte til studentopptaket, ikkje berre kunne løysast gjennom betre organisering. Talgrunnlaget over søkjarar som ikkje fekk opptak, var med på å leggje premissane for den kraftige veksten i studenttalet i første halvdel av 1990-åra.

2.5 DEFINISJONAR OG OMGREP

Ved omtale av reglar om rangering av søkjarar er det i bruk mange omgrep med ulikt meiningsinnhald og føremål. For å få oversikt over kva verkemiddel ein har til rådvelde ved utforming av prinsipp for rangering av søkjarar, er det derfor nødvendig å klargjere meiningsinnhaldet i dei mest brukte omgrepa:

- Karakterpoeng er snittet av karakterane frå vidaregåande opplæring. Etter gjeldande reglar i høgskolesektoren skal alle karakterar på vitnemålet som inngår i opptaksgrunnlaget, reknast med, og snittet vert multiplisert med 10. Dette gjeld òg for dei fleste universitetsstudia.
- Fordjupingspoeng vert tildelte på grunnlag av *ekstra* studieretningsfag frå allmennfagleg studieretning i vidaregåande skole, eller spesielle kombinasjonar av fag i andre studieretningar. Frå og med studieåret 1993/94 vart ei slik ordning innført for søkjarar til regionale høgskolar. Grunnen til at ein sette i verk denne ordninga, var at ein ønskte å premiere dei som valde krevjande fagkombinasjonar i vidaregåande opplæring. Universiteta og dei vitskaplege høgskolane har etter oppmoding frå departementet i store trekk valt å praktisere dei same reglane om fordjupingspoeng.
- Skolepoeng er summen av karakterpoeng og fordjupingspoeng frå vidaregåande opplæring. Dei fleste studia ved universiteta har opptak eine og aleine på grunnlag av skolepoeng til ein del av studieplassane. Høgskolane tek opp søkjarar på grunnlag av skolepoeng innanfor ungdomskvoten.
- Tilleggs-poeng kan vere poeng for andre aktivitetar enn vidaregåande opplæring, t.d. høgre utdanning, folkehøgskole, verneplikt eller sivilteneste, arbeidspraksis, alder eller organisasjonsarbeid.
- Bonuspoeng er hittil blitt nytta ved nokre få utdanningar i universitetssektoren. Bonuspoeng blir tildelte for visse fag frå vidaregåande skole, fag som er relevante for det studiet ein søker opptak til. Det er stundom fastsett minstekrav til karakteren i faget for å få slike poeng.
- Konkurranspoeng er summen av skolepoeng og eventuelle tilleggs-poeng, jf. punkta ovanfor.
- Kvotar ved rangering av søkjarane inneber at ein set av ein viss del av studieplassane for ulike grupper av søkjarar, som så berre konkurrerer med kvarandre. Kvotar kan til dømes nyttast som verkemiddel for å sikre at ein rimeleg prosentdel unge søkjarar får opptak til høgre utdanning. Andre omsyn kan vere å rekruttere søkjarar med ein spesiell bakgrunn for opptak til studium ut frå geografisk tilknytning, ut frå etniske omsyn eller fordi ein ønskjer søkjarar med ei nærare definert erfaring. Kjønnsperspektivet kan òg vere ein grunn for å opprette kvotar for å rekruttere søkjarar til yrke som er dominert anten av manlege eller kvinnelege arbeidstakarar. Storleiken og talet på kvotane vil vere avgjerande for fordelinga av studieplassar innan søkjarmassen. Dersom ulike kvotar i sum utgjer ein stor del av studieplassane vil det lett oppstå utilsikta verknader, og ulike omsyn kan komme til å oppheve kvarandre. Dersom søkjaråtferda endrar seg raskt, kan ein risikere at alle søkjarane kjem inn i ein kvote, medan konkurransen blir urimeleg hard i andre kvotar.
- Ungdomskvoten blir nytta for opptak til statlege høgskolar. Kvoten gjeld for søkjarar som er yngre enn 22 år i opptaksåret. Søkjarane i denne kvoten konkurrerer innbyrdes berre på grunnlag av skolepoenga. Ordninga har vore med på å redusere snittalderen vesentleg på ein del studium. Søkjarar som ikkje når opp i ungdomskvoten, vert automatisk førte over til ordinært opptak der eventuelle tilleggs-poeng vert rekna med.
- Primærvitnemålsvotar blir no nytta ved opptak til veterinær- og medisinstudia. Her tek ein opp søkjarar på grunnlag av primærvitnemål, men det er høve til å dokumentere spesielle opptakskrav i ettertid. Privatisteksamenar etter fullført skolegang tel elles ikkje. Kvoten sikrar at ikkje opptaksgrensa blir pressa opp, slik at mest alle må ta opp att prøver frå vidaregåande skole.
- Opptak utanom poengreglane etter individuell vurdering. For dei statlege høgskolane er det fastsett at inntil 10 % av studieplassane kan bli tildelte til søkjarar på særskilt grunnlag. Grunnlag for opptak utanom poengreglane kan mellom anna vere at opptaksgrunnlaget ikkje gjev grunnlag for å rekne poeng etter den vanlege karakter-skalaen. Dette gjeld t.d. utanlandsk utdanning og utdanning frå Rudolf Steinerskole. Det er vidare opna for å ta omsyn til at anna morsmål enn norsk, til sjukdom og funksjonshemming eller andre særskilde grunnar kan gjere at eksamensresultata ikkje gjev eit rett bilete av søkjaren sine kvalifikasjonar. For å få opptak må også desse søkjarane vere studiekvalifiserte i høve til kravet om generell studiekompetanse og eventuelle spesielle opptakskrav. Universiteta og vitskaplege høgskolar har liknande ordningar.
- Opptaksprøve kan nyttast ved nokre studium der det er behov for andre rangeringskriterium i tillegg til eller i staden for vanlege konkurranspoeng. Dette gjeld mest dei kunstfaglege utdanningane, som også kan ha unntak frå kravet om generell studiekompetanse. Søkjarane blir vurderte på grunnlag av innsende arbeid, eventuelt saman med intervju, eller ved utprøving av kunstneriske evner. Det kan òg vere utdanningar som i tillegg til det generelle grunnlaget for opptak, ønskjer å få dokumentert dugleik i t.d. musikk, foto eller forming, anten dette blir sett som opptakskrav, eller det blir nytta til å rangere søkjarane. Ut frå

omsynet til rettstryggleik, administrative kostnader og legitimitet har ein ikkje vurdert å nytte opptaksprøver eller intervju for store søkjargrupper i staden for opptak på grunnlag av skolepoeng og tilleggs-poeng.

- Poenglikskap kan oppstå ved opptak til dei fleste studium, og det er behov for reglar for utval blant søkjarar med lik poengsum. Etter gjeldande reglar i høgskolesektoren går eldre søkjarar føre

ynge når fleire søkjarar har lik poengsum. Dette prinsippet kunne ein snu, slik at yngre søkjarar går føre, eller ein kan trekkje lodd.

- Det har òg vore drøfta å nytte loddtrekking for å velje ut blant kvalifiserte søkjarar, ikkje berre ved poenglikskap. Alternativt kunne ein trekkje lodd blant dei søkjarane som har dokumentert gode kvalifikasjonar over ei viss poenggrense.

3 Prinsipp og overordna omsyn ved opptak til universitet og høgskolar

3.1 VILKÅR FOR Å REGULERE TILGANGEN TIL UNIVERSITET OG HØGSKOLAR

Hovudprinsippet i lov om universitet og høgskolar er at det er høve for alle som har generell studiekompetanse til å studere ved universitet og høgskolar. Styret for institusjonen kan gjere framlegg om regulering av tilgangen ut frå omsyn til kapasitet eller ressursar. Det er Kongen som kan fatte slikt vedtak, men for regulering av opptak til universiteta skal Stortinget samtykkje for kvart år. Departementet kan dessutan fastsetje regulering når det er nødvendig etter ei samla vurdering av utdanningskapasiteten i landet.

3.2 OMSYN SOM OPPTAKSREGLAR MÅ AVVEGAST MOT

Når ein skal fastsetje reglar om rangering av søkjarar til universitet og høgskolar, er det ei rekkje omsyn som ideelt sett bør takast:

- reglane bør ta omsyn til unge søkjarar
- reglane bør ikkje oppmuntre til at mange tek opp igjen fag frå vidaregåande skole
- reglane bør ikkje lage flaskehalsar og omvegar for søkjarane
- reglane bør vere eigna til å velje ut dei mest kvalifiserte søkjarane
- reglane bør vere oversiktlege
- reglane bør framstå som mest mogeleg rettvise
- søkjarane bør kunne vere trygge på kva reglar som gjeld
- reglane bør ikkje ha uønskte verknader innan vidaregåande opplæring
- reglane bør stimulere til innsats i vidaregåande opplæring
- reglane bør sikre best mogeleg utnytting av utdanningssystemet
- reglane bør ta omsyn til vaksne søkjarar
- reglane bør ta omsyn til søkjarar med opptaksgrunnlag frå utlandet
- reglane bør vere mogeleg å administrere med 100.000 søkjarar innan fastsette fristar og med rimeleg ressursinnsats

Så lenge talet på kvalifiserte søkjarar er høgere enn talet på studieplassar på studium med regulert opptak, vil val av prinsipp for rangering av søkjarar også vere eit val om kva grupper av søkjarar som skal prioriterast.

Nokre av omsyna som er lista opp ovanfor, let seg sameine. Andre vil stå i motstrid med kvarandre. Val av prinsipp som skal leggjast til grunn for eit regelsett på dette området inneber at omsyna må vegast opp mot kvarandre. Mengda av søkjarar og samansetjinga av søkjarmassen vil i stor grad vere avgjerande for verknaden av dei ulike komponentane i eit regelsett, og det kan skifte frå eitt år til eit anna.

Det er ei vanleg oppfatning at det skal vere mogeleg å få utteljing for anna verksemd enn sjølve skolegangen. Det er eit legitimt omsyn at ein del søkjarar bør kunne vurderast på eit anna og breiare grunnlag enn berre skolerresultata sine. Dette må vegast opp mot dei verknadene tilleggspong har for opptaksnivået og for søkjarane sjølve. Synet på kva søkjarane skal få utteljing for, har skifta over tid, både ut frå meir prinsipielle synsmåtar om kva ein skal få løn for, kva som er gagnleg for studiet, og kva effekt ulike prinsipp får.

Ulike omsyn kan takast vare på ved tilleggspong eller ved kvotar. Dersom ein ønskjer å prioritere unge søkjarar, kan ein setje av ein kvote for denne gruppa. Ein kvote for unge søkjarar vil uunngåeleg gje færre plassar for andre søkjargrupper. Ønskjer ein å premiere elevar som vel krevjande fordjupingar i allmennfagleg studieretning i vidaregåande skole, medfører dette at desse søkjarane får ein fordel i høve til dei som ikkje har gjort eller kunne gjere slike val. Vidare kan ønsket om eit enkelt og oversiktleg regelsett som er lett å forstå og greitt å administrere, komme i motstrid med ønsket om å sikre at ulike studium får rangeringsreglar som sikrar rekruttering av studentar med mest mogeleg relevant bakgrunn til nett det studiet.

Når ein skal drøfte prinsippa for val av modell for reglar om rangering av søkjarar, er ytterpunkta på den eine sida eit enkelt regelsett der ein til dømes berre rangerer etter vitnemål frå vidaregåande skole, og på den andre sida eit regelsett med mange ulike poengkategoriar, ulike kvotar og heimlar for dispensasjon. Di fleire verkemiddel ein har, di meir blir effekten av kvart verkemiddel svekt. Verknadene kjem i tillegg først til syne i ettertid, når dei er brukte på søkjarmassen.

Uansett val av prinsipp blir det viktig å sikre seg mot at regelsettet har løynde konsekvensar, slik at heile kategoriar i praksis blir stengde ute. Eit slikt eksempel fann ein før 1992 då unge søkjarar med seks i karakter i alle teljande fag, ikkje kom inn på visse helsefagutdanningar, fordi eldre søkjarar kunne få så mange tilleggspong at deira konkurransepong sette dei framfor desse.

3.3 MODELLAR FOR SAMORDNING AV OPPTAKSREGLAR

3.3.1 Bakgrunn

Når mynde til å fastsetje reglar om rangering av søkjarar etter lova no er samla i departementet, er det mogeleg å sjå universitet og høgskolar under eitt. Det må drøftast kor stor grad av samordning som er føremålstenleg, og kva prinsipp som bør leggjast til grunn for rangering av dei som søkjer opptak til grunnutdanning ved universitet og høgskolar.

Innstilling nr. 2 frå Bjørn Pedersen-gruppa gjorde framlegg om felles prinsipp for opptaksreglar for universitet og høgskolar. Denne låg til grunn for drøftinga i innstillinga frå Lovutvalet (NOU 1993:24), som sa seg samd i at det burde skje ei samordning, og at skolepoenga frå vidaregåande skole burde reknast ut på same måte. Lovutvalet var meir i tvil om det burde gjerast ei full samordning av tilleggspoeng. Det heitte her at det burde vere rom for å leggje noko ulik vekt på dei ulike elementa i høve til dei enkelte utdanningane. Lovutvalet meinte at institusjonane skulle kunne leggje ulik vekt på dei moment eller kriterium som departementet hadde fastsett.

I Ot. prp. nr. 85 (1993-94) Om lov om høgere utdanning heitte det i merknaden til § 39 nr. 3 at det var nødvendig med ei større grad av samordning av rangeringsreglane enn det til no hadde vore.

Ein kan sjå for seg ulike modellar, med ulik grad av samordning av reglane på dette området. Handlingsalternativa kan til dømes vere:

- Eitt og same regelsett for alle studium i universitets- og høgskolesektoren med regulert opptak (3.3.2)
- Eit generelt sett av prinsipp, men med ein viss valfridom for institusjonane med omsyn til dei ulike komponentane som skal telje ved rangering av søkjarane, og kva vekt dei skal ha innbyrdes (3.3.3).
- Fleire felles regelsett slik at dei same reglane gjeld for grupper av likearta studium (3.3.4.)

Ved opptak til medisinstudia følgjer alle universiteta dei same reglane. Det er såleis eit døme på det siste punktet.

3.3.2 Argument for og mot eitt felles regelsett:

For:

- Eit felles og rimeleg enkelt regelsett vil vere lett tilgjengeleg for søkjarane, og det vert mindre rom for mistydingar. Søkjarane slepp å setje seg inn i fleire regelsett, sjølv om dei søkjer fleire typar utdanning.
- Eit felles regelsett gjer at søkjarane ikkje må leggje opp ulike løp innan vidaregåande skole alt et-

ter kva utdanning dei ønskjer å søkje, og dei kan utsetje val av utdanningsveg. Dette byggjer òg på føresetnaden om at det må visast varsemd med å fastsetje spesielle opptakskrav til den enkelte utdanninga.

- Eit felles regelsett gjer at ein kan samanlikne poengsummane for opptak til ulike studium, og lett finne ut kvar det er vanskeleg å komme inn.
- Eit felles regelsett vil lettare bli oppfatta som eit rettvis system, sidan alle blir handsama etter same regelsettet.
- Eit felles regelsett gjer opptaksprosessen enklare og sikrare. Poengsummen må berre reknast ut ein gong, og det er mindre fare for feil.
- Eit felles regelsett vil vere lett å informere om for rådgjevarar i ulike instansar.
- Eit felles regelsett gir mindre administrativt arbeid totalt, noko som er viktig på eit felt med stramme tidsfristar. Slik vil opptaket fungere godt i ein samordna opptaksmodell, og dette kan komme søkjarane til gode ved raskare svar på søknad om opptak.

Mot:

- Ulike reglar for ulike studium, vil i større grad sikre at søkjarane er best mogeleg kvalifiserte for det aktuelle studiet.
- Eitt regelsett kan slå anleis ut når det er veldig mange søkjarar, i høve til ei moderat oversøking. Det bør i så fall vurderast å ha ei opning for noko avvikande eller meir differensierte rangeringsreglar ved studium med stor søkjarmasse og få plassar som til dømes medisinstudiet.

3.3.3 Felles prinsipp for opptak, men høve til ulik vekting

For:

- Det gjev institusjonane høve til å dosere dei ulike verkemidla som er tilgjengelege, i samsvar med søkninga til kvart studium.
- Det gjev opning for å differensiere ut frå faglege vurderingar til det enkelte studium, til dømes når det gjeld vekta på skolepoeng i høve til tilleggspoeng.
- Det gjev høve til å føre ein institusjonspolitikkk på opptaksfeltet.

Mot:

- Det blir skilnader i opptaksreglane til same studium ved ulike institusjonar.
- Systemet blir uoversiktleg.
- Det blir nødvendig å innrette seg i høve til ulike regelsett når det gjeld tilleggspoeng m.m.

3.3.4 Ulike felles regelsett etter utdanningsveg

For:

- Ein modell med fleire felles regelsett fastsette av departementet for grupper av studium eller fag på landsbasis, vil kunne tilpassast behov og relevans ved ulike studium.
- Same regelsett vil gjelde det aktuelle studiet ved alle lærestader.

Mot:

- Ved søkning til fleire studium er det ulike reglar som gjeld.
- Det blir vanskeleg å innrette seg i høve til fleire regelsett både i vidaregåande skole og med omsyn til tilleggspoeng.

3.4 DEPARTEMENTET SI VURDERING

Når det gjeld høgskoleutdanningane, har ein erfaring med felles rangeringsreglar frå og med opptaket i 1992. Departementet vurderer det slik at det samla sett har vore liten kritikk mot verknadene av eitt felles regelsett. Det er positive tilbakemeldingar frå rådgjevarar i vidaregåande skole og andre som skal rettlege framtidige søkjarar. Mange både blant søkjarane og ved høgskolane, ser dette som eit betre system enn det tidlegare. Det er likevel døme på at det for utdanningar som tidlegare har hatt opptakskrav og utvalsordningar nært knytte til det yrket utdanninga skal leie fram til, er gjort framlegg om auka vekt på praksis eller om opptaksprøve med vekt på relevant dugleik.

Etter ei vurdering av argumenta for dei ulike modellane meiner departementet at det mest formålstenlege er å ta utgangspunkt i føresetnaden om eitt felles regelsett for rangering av søkjarar til alle grunnutdanningar i universitets- og høgskolesektoren.

Departementet har ved denne vurderinga lagt vekt på dei generelle kvalifikasjonane for høgare utdanning meir enn kvalifikasjonar ut frå relevans for det enkelte studium. I den grad visse kvalifikasjonar er heilt avgjerande for å kunne gjennomføre eit studium, vil omsyn til dette kunne takast vare på gjen-

nom spesielle opptakskrav, jf punkt 1.2 og 1.3. Departementet legg til grunn at slike krav skal vere unntak, ikkje regelen. Dette har vore presisert både i St.meld. nr. 33 (1991-92) Kunnskap og kyndighet og i samband med lov om universitet og høgskolar. Omsynet til at elevane i vidaregåande skole ikkje må leggje opp skiftande strategiar ut frå fleire studieønske, veg tungt i denne samanhengen, slik at dei ikkje blir tvinga til å ta nye fag dersom nye studieønske blir aktuelle.

At reglane er felles, gjer det lettare å informere søkjarane, og faren for feil informasjon og mistydingar blir liten.

I tillegg til desse generelle prinsippa kjem omsynet til å gjennomføre opptaket på ein forsvarleg måte både når det gjeld ressursbruk, og for å sikre best mogeleg saksbehandling. Gjennom Samordna opptak har ein vunne mykje, både i sjølve opptaksarbeidet og når det gjeld å sikre utnytting av studiekapasiteten. I den samordna opptaksmodellen er det ein føresetnad at institusjonane kan saksbehandle ein søkjar i høve til alle dei utdanningsalternativa han eller ho oppgjev. Med mange spesialreglar vil dette vere vanskeleg, om enn ikkje umogeleg.

Departementet meiner likevel at ein i eit felles regelsett bør ha ein heimel for departementet til å fastsetje særreglar for visse studium. Dette gjeld m.a. nokre utdanningar der det kan leggjast vekt på opptaksprøve, anten som heile vurderingsgrunnlaget, eller som del av det. Eit anna døme er at det kan vere behov for avvik frå enkelte punkt i dei generelle reglane, til dømes for studium med ekstrem oversøking.

Det må òg vere høve til å setje opp kvotar eller leggje vekt på særigne omsyn, som ønsket om å rekruttere helsepersonale eller lærarar til stork med store rekrutteringsvanskar, eller for å sikre rekruttering av søkjarar frå visse etniske grupper.

Ved å byggje inn fleksibilitet i form av ein heimel for unntak kan ein fange opp dei studia der det kan dokumenterast at det ut frå oversøking eller sterke faglege grunnar, trengst særreglar i tillegg til eller i staden for det som er felles, utan å måtte endre heile regelsettet. Men slike unntak må vere få, og verknadene for heile systemet må vurderast nøye, slik at prinsippet om eit felles regelverk ikkje blir undergrave.

4 Drøfting av komponentar i opptaksregulering i høve til ulike omsyn

4.1 UTGANGSPUNKTET FOR VURDERING

Dei ulike komponentane som kan takast i bruk, må sjåast i lys både av målsetjingar for opptakssystemet og vurderast ut frå effektar - ønskte og uønskte - som reguleringssystemet kan ha.

4.2 VERKNADER I VIDAREGÅANDE OPPLÆRING

Departementet meiner at det viktigaste prinsippet når ein skal lage eit reguleringssystem for rangering av søkjarar, bør vere å stimulere elevane til å arbeide godt medan dei er i vidaregåande opplæring. Generell studiekompetanse med spesifiserte krav til fagsammansetjing og timestfordeling frå vidaregåande skole er lovfesta som grunnlag for opptak til universitet og høgskolar, og bør vere hovudgrunnlaget for å rangere søkjarane. Det vil vere med på å sikre eit godt og breitt kunnskapsgrunnlag for vidare studium.

Komponentar som kan nyttast for å ta vare på omsynet til innsats i vidaregåande opplæring, kan vere:

- karakterpoeng
- fordjupingspoeng
- bonuspoeng
- primærvitnemålsvote eller ungdomskvote

Skolepoeng er etter gjeldande reglar definerte som summen av karakterpoeng og eventuelle fordjupingspoeng frå vidaregåande opplæring.

4.2.1 Karakterpoeng

Ved utrekning av skolepoengsummen ser departementet følgjande handlingsalternativ for karakterpoenga:

- alle karakterane på vitnemålet tel
- visse karakterar på vitnemålet tel til alle studium
- nokre relevante fag blir definerte som relevante for den utdanninga ein søker opptak til

Departementet meiner at å velje ut visse fag som skal telje, vil kunne skape ei oppfatning om A- og B-fag i skolen. Elevane vil lett konsentrere seg om nokre fag. Eit slikt system vil invitere til ein kontinuerleg debatt om kva som er viktige fag, og ulike brukarar vil søkje å definere dette ut frå sin synsstad. Dersom ein skal definere relevante fag etter nytte for det enkelte studium, ville søkjarane tidleg ta sikte på visse studium og sikre seg gode karakterar i dei faga som gir poeng for opptak der. Til andre studium vil nye fag telje, og søkjaren ville lett måtte ta fag på ny.

Det vil vere tidkrevjande for søkjarane og belastande for systemet totalt sett.

At alle fag tel, yter også rett til elevane same kva studieretning dei har følgd. Alle blir vurderte på grunnlag av den samla innsatsen innan vidaregåande opplæring. Ved å la alle karakterane på vitnemålet telje vil ikkje innsatsen i det enkelte faget variere alt etter kva tyding faget har for opptaks-poenga. Departementet går difor inn for at alle karakterane på vitnemålet framleis skal telje.

Fag som er tekne etter fullført vidaregåande skole for å oppfylle spesielle opptakskrav til ei utdanning, bør alltid reknast inn i karakternittet som ligg til grunn for skolepoeng. Slik unngår ein taktiske val når det gjeld grunnlaget for karakterpoenga, slik at det ikkje løner seg å la vere å ta dei spesielle opptakskrava som del av skoleløpet.

I St.meld. 26 (1995-96) -«Om privatisteksamen innanfor vidaregåande skole» heitte det:

«Det vil bli innført ei føresegn som inneber at det i visse, nærmare definerte fag der nivåa byggjer direkte på kvarandre, berre er den siste karakteren/dei siste karakterane i faget som skal førast på vitnemålet, jf norskfaget. Det vil bli utarbeidd ei oversikt over dei faga ordninga skal omfatte».

Stortinget slutta seg til denne konklusjonen i Innst. S. nr. 175 (1995-96).

Argumenta i meldinga som talte for ei slik løysing var:

- «Det er ikkje behov for karakter i eit fag som er ført vidare på eit høgare nivå.»
- «Det er urimelig å måtte behalde ein dårlegare karakter på lågare nivå dersom det er oppnådd ein betre karakter på høgare nivå.»
- «Det kan framleis takast privatisteksamen i alle faga på vitnemålet.»
- «Vitnemåla blir generelt noko meir oversiktlege og dermed lettare å handtere for høgare utdanningsinstitusjonar.»

Grunngjevinga for å endre på noverande reglar var mellom anna at mange gjekk opp att som privatist på lågaste nivå og forbetra karakterane utan å auke kunnskapane sine. Det skapte press på eksamenssystemet i vidaregåande skole og gjorde konkurransen hard for dei som søkte på grunnlag av elevvitnemålet sitt.

Under føresetnad av at Stortinget sluttar seg til forslaget om ein primærvitnemålsvote, jf punkt 4.2.3, fell desse omsyna langt på veg bort. Departementet meiner derfor at ordninga med føring av karakter berre på høgste nivå bør vidareførast innanfor ramma av dagens ordning. Det vil gjere at elevar ikkje let vere å halde fram med fag der dei har gode karakterar av frykt for å misse desse. Ei melding frå

departementet der det vart varsla at ein vurderte ei mogeleg utviding av ordninga, ser allereie ut til å påverke dei vala elevane gjer. Det synest spesielt som realfaga t.d. matematikk og kjemi kan bli valde bort av slike grunnar. Fag elevane har over fleire år, vil telje meir i samsvar med timetalet enn om ein berre får karakter på høgste nivå. Dette vil vere rettferdig som opptaksgrunnlag til høgare utdanning.

4.2.2 Fordjupingspoeng - bonuspoeng:

Departementet ser bonuspoeng og fordjupingspoeng som alternative løysingar i eit felles regelsett, og vil derfor drøfte dei samla.

Ordninga med fordjupingspoeng vart sett i verk for å unngå at elevane på studieretning for allmenne fag let vere å velje krevjande fagkombinasjonar, for dermed å unngå å trekke karaktersnittet ned. Elevar i studieretning for allmenne-, økonomiske- og administrative fag kan etter gjeldande reglar få inntil 4 fordjupingspoeng. Ordninga har etter departementet sitt syn fungert etter føresetnadene på den måten at elevane no vel fleire fordjupingar enn tidlegare.

Departementet meiner vidare at omsynet til dei søkjarane som er i systemet og har gjort sine val i tiltru til at dei vil oppnå desse poenga, talar for å føre vidare desse poenga. Departementet viser her til at det i rundskriv i 1995 vart varsla at dei prinsippa for tilleggspoeng for fagleg fordjuping som gjeld for søkjarar til statlege høgskolar, vil bli vidareførte.

Det er grunn til å understreke at val av fordjupingsfag i vidaregåande skole gjev godt fagleg grunnlag for universitets- og høgskolestudium ved at elevane får kunnskapar på høgste nivå i vidaregåande skole.

Eit alternativ til fordjupingspoenga, og som hittil er nytta ved nokre få utdanningar i universitetssek-

toren, er å gje bonuspoeng for visse fag eller kombinasjonar av fag frå vidaregåande opplæring som er relevante for det studium ein søker opptak til. Det kan også stillast krav om oppnådd karakter i faget.

Bonuspoeng fører til at elevane tidlegare må velje utdanningsveg, fordi bonusen er definert i høve til visse studium. Faren for å velje seg inn i ei blindgate aukar med ei slik ordning. Fordjupingspoenga er derimot generelle for alle studium, og vil gje løn til alle som yter ein ekstra innsats.

I tillegg kjem at det er vanskeleg å definere kva fag som skal gje høve til bonuspoeng for ulike studium. Dette gjeld til dømes yrkesretta utdanningar som lærar, psykolog, jurist m.m.

Det har vore innvendt mot ordninga med fordjupingspoeng at ho berre gjeld for studieretninga for allmenne, økonomiske og administrative fag, og at elevar på andre studieretningar, t.d. studieretning for musikk, dans og drama og studieretning for idrettsfag, ikkje har høve til å velje fordjuping innanfor ramma av vanleg timetal.

I 1994 vart det gjort ei utgreiing om fordjupingspoeng for andre studieretningar. Ho fekk som resultat at det vart fastsett ei eiga forskrift om utfyllande reglar for tilleggspoeng for fordjuping, som på vilkår gjer det mogeleg for søkjarar frå andre studieretningar å skaffe seg slike poeng ved å gå ut over vanleg timetal.

Søkjarar som har 3-årig vidaregåande opplæring frå andre studieretningar enn studieretning for allmenne, økonomiske og administrative fag, må etter Reform 94 ta studieretningsfag frå allmenne, økonomiske og administrative fag *i tillegg* til sitt 3 årige løp for å få tilleggspoeng for fagleg fordjuping. I det følgjande blir det gjeve eit oversyn over kva spele-rom det kan vere for val av fordjuping i dei to siste åra på ulike studieretningar.

Fordeling av obligatoriske fag og fag til val innan studieretningar som gjev generell studiekompetanse:

Studieretning	Felles allmenne fag på VKI/II	Obl. Studieretningsfag	Studieretningsfag min krav	Fag til val	Merknader
AA-AF	18+14(18)		15	13(9)	()gjeld elevar med C-språk. Må gå utover 90 t for å få 4 fordjupingspoeng
AA-ØA	18-14	5	10(15)	18(13)	BØI (felles AF) blir rekna med for å gi 15 t.
IF	11+12	17+17		7+6=13	
MDD	18+14	15+17		2+2(4)=4(6)	() gjeld elevar med musikk
NA-naturforvaltning	8+2	25+31		2+2=4	
FF-teikning/form/farge				0+2=2	
VKII AF påbygging	22		6	2	max 2 fordjupingspoeng innan ordinær tid

På studieretning for idrettsfag er det etter kvart blitt mogeleg å velje studieretningsfag også frå studieretning for allmenne, økonomiske og administrative fag og/eller valfag i inntil 13 veketimar til saman på VKI- og VKII-nivå. Resten av timetalet er bunde opp til fastlagde fag innan studieretninga. Det er rimeleg at elevar på denne studieretninga får fordjupingspoeng for fordjupingar i studieretningsfag frå allmennfagleg retning innanfor det handlingsrommet dei har. Dette vil gje maksimalt 2 fordjupingspoeng. Ved å gå utover det ordinære timetalet på VKI og VKII vil elevane kunne oppnå til saman 4 fordjupingspoeng, som er like mykje som elevar frå allmennfagleg retning kan få.

På studieretning for musikk, dans og drama er det berre mogeleg med 2 veketimar valfag kvart år på høvesvis VKI og VKII. Det er derfor ikkje rom for at elevar på denne studieretninga skal kunne få fordjupingspoeng innanfor det obligatoriske timetalet.

Studieretning for naturbruk-VKII naturforvaltning opnar ikkje for å gje fordjupingspoeng innanfor det obligatoriske løpet.

På studieretning for formgjevingsfag-VKII teikning, form og farge er det berre mogeleg å ta 2 timar valfag innanfor 36 t på VKII. Heller ikkje her er det rom for at elevane skal kunne få fordjupingspoeng innanfor det obligatoriske timetalet.

Elevar som etter grunnkurs og VKI i yrkesfag vel VKII allmennfagleg påbygging, har ikkje ein yrkesfagleg kompetanse. Dei kan få generell studiekompetanse dersom dei har minst 30 veketimar der

dei 20 veketimane dei manglar av dei allmenne faga i studiekompetansekravet inngår. I tillegg skal desse elevane ha 2 veketimar kroppsøving og 8 timar studieretningsfag frå studieretning frå allmenne, økonomiske og administrative fag. Det er rimeleg at desse elevane kan opparbeide seg 2 fordjupingspoeng dersom dei nyttar desse 8 veketimane til ei fagleg fordjuping.

Oversikta syner at det er mogeleg å innpasse studieretningsfag som kan gje fordjupingspoeng i enkelte tilfelle. Departementet går inn for å opne for det. Departementet har ikkje funne ein modell som gjev høve til å utvide ordninga med fordjupingspoeng innanfor alle studieretningar som gjev studiekompetanse, utan at intensjonen med ordninga går tapt. Dersom ein opnar for å gje fordjupingspoeng for obligatoriske studieretningsfag på andre studieretningar enn allmenne, økonomiske og administrative fag, vil grunngevinga, som er å stimulere til og å premiere val av krevjande fagkombinasjonar, forvitte, og ordninga vil miste sin logikk.

Ein må velje om ein i hovudtrekk skal føre vidare den ordninga som gjeld, og som gjev elevar frå allmennfagleg studieretning val dei fleste andre ikkje har innafor det vanlege timetalet. Alternativet er å oppheve ordninga. Dersom ein skulle ta vekk ordninga, måtte det fastsetjast overgangsreglar for dei elevane som er inne i eit løp i vidaregåande opplæring, og har forventningar om å oppnå fordjupingspoeng.

Departementet meiner det er rett å føre vidare ei ordning som premierer val av krevjande fag. Slik sti-

mulerer ein elevane til å nytte skoletida til å skaffe seg best mogeleg kunnskapsgrunnlag og ein motverkar taktiske bortval. Departementet meiner at fordjupingspoeng og bonuspoeng er alternative ordningar. I eit felles regelsett må ein velje ei av dei eller inga som verkemiddel. Å nytte begge verkemidla samstundes ville etter departementet sitt syn innebære ei for stor vektlegging på enkelte fag frå vidaregåande opplæring i høve til andre fag.

I valet mellom bonuspoeng og fordjupingspoeng meiner departementet at det er rett å halde fast ved ordninga med fordjupingspoeng, som gjev generell utteljing for krevjande fagval. Departementet har her lagt vekt på at bonuspoeng vil kunne straffe søkjarar som vel andre utdanningsvegar enn dei først tenkte, og at det vil vere sær sars vanskeleg å definere grunnlaget for poengtildeling for mange studium. Dette vil ikkje berre vere til ulempe for elevar som skal velje fag, men òg komplisere opptaket vesentleg.

Dei siste tala for val av studieretningsfag i vidaregåande skole syner at mens talet på fordjupingar totalt aukar, gjeld dette ikkje for faga fysikk og matematikk.

I dag ser ein òg at rekrutteringa til høgre teknologisk og naturvitskapleg utdanning ved universitet og høgskolar går tilbake. Talet på nye realfagsstudentar ved universiteta er blitt redusert med ca. 28 % frå 1994 til 1996, medan den generelle søkninga til universiteta har hatt ein auke på ca. 11 % (opplysningar frå Samordna opptak). I skoleåret 1995/96 var det ca. 6000 elevar på VKI-allmennfagleg studieretning som valde studieretningsfaget fysikk. Dette er eit fag som ein må ha for å bli teken opp til ingeniørutdanning (3600 plassar), sivilingeniørstudiet (ca. 1500 plassar), medisin (ca. 500 plassar), odontologi, farmasi og ernæring (ca. 200 plassar). Desse studia utgjer til saman ca. 5800 studieplassar. I tillegg vart det i 1995 teke opp ca. 2500 på realfagsstudia ved universiteta. Dette syner at enda om alle som har teke fysikk i vidaregåande skole, valde å ta eit av desse studia, ville det vere for få søkjarar frå vidaregåande skole i eitt årskull.

Denne utviklinga for realfaga har ein og sett i utdanningssystema i dei andre nordiske landa, så vel som i mange andre vestlege land. Mange land har sett i verk særskilde tiltak for å motverke denne utviklinga.

Også i Noreg trengst det særskilde verkemiddel når ein ser den uheldige utviklinga for faga matematikk og fysikk i vidaregåande skole, og det er viktig å snu denne utviklinga så raskt som råd er. Dette er viktig for å sikre rekruttering til dei studia der slike fag er nødvendig opptaksgrunnlag, og for å halde oppe det faglege nivået ved universitet og høgskolar. Realfag er også viktige som delar av det allmennfaglege kunnskapsgrunnlaget. Det er sterkt ønskjeleg at fleire lærarar har utdanning i desse faga utover minstekrava.

Som varsla i St.prp nr. 1 (1996-97) har departe-

mentet sett ned ei arbeidsgruppe med brei representasjon frå ulike organisasjonar og institusjonar, som skal vurdere tiltak for å styrkje matematikk, naturvitenskap og teknologi i norsk utdanning.

I ein delrapport frå arbeidsgruppa vert det konkludert med at ein på kort sikt har eit verkemiddel gjennom fastsetjing av rangerings- og opptaksreglar til høgre utdanning. Arbeidsgruppa går mellom anna inn for at ordninga med fordjupingspoeng bør først vidare, men at ein i tillegg bør etablere ei ordning med poeng for realfag. Departementet meiner at dette bør kunne drøftast før den endelege tilrådinga frå utvalet ligg føre. Arbeidsgruppa har gjort framlegg om at det blir gitt 0,5 poeng for å velje matematikk og fysikk på VKI-nivå og 0,5 poeng i tillegg for faga matematikk, fysikk, kjemi og biologi i tillegg til fordjupingspoenga på VKII-nivå

Eit anna alternativ er å knytte ekstra poeng til fordjupingspoengordninga på følgjande måte: I tillegg til 2 ordinære fordjupingspoeng, som blir gjevne på grunnlag av fag både i VKI og VKII, blir det for matematikk og fysikk gjeve 1 poeng for kvart av faga også for VKI.

Med slike ordningar er det von om at fleire vil velje desse faga, enda om dei ikkje tek dei til topps. Ein auke i talet på elevar med matematikk og fysikk i 2. klasse vil også betre det faglege grunnlaget for andre studium enn realfag. Det gjeld til dømes lærarutdanning, der det er få søkjarar med realfag som studieretningsfag. Dei som tek full fordjuping, kan da få 3 poeng for kvart av faga. Det er ein føresetnad at elevane berre kan få utteljing for to fordjupingar som nå. Dei som vel fysikk og matematikk, vil altså kunne få opp til 6 fordjupingspoeng, medan dei andre ikkje kan få meir enn 4.

Departementet meiner det er nødvendig med ei ordning som premierer dei som vel matematikk og fysikk, og at den berre skal gjelde desse to faga. Ordninga vil ikkje gje dei resultat som er tilsikta dersom ho blir utvida til andre fag.

Departementet går inn for at fordjupingspoeng vert vidareførte som verkemiddel for rangering av søkjarar til høgre utdanning, og at ordninga blir utforma slik at dei som vel matematikk og fysikk, kan få utteljing for faga på VKI-nivå og oppnår fleire fordjupingspoeng i sum enn andre. Dersom ordninga skal få effekt for dei som er usikre på om dei skal velje full fordjuping, er det best å gje eitt poeng på VKI-nivå.

4.2.3 Primærvitnemål som opptaksgrunnlag

Ungdomskvote og kvote for søkjarar med primærvitnemål har i hovudsak same føremål: å sikre at unge søkjarar kan takast inn i høgre utdanning utan at eit fleirtal må samle tilleggspoeng. Forskjellen på primærvitnemålskvote og ungdomskvote er at ein innanfor primærvitnemålskvoten ikkje tillet ny eksamen i fag frå vidaregåande skole, medan dei som blir

behandla innanfor ungdomskvoten, har rett til å forbetre fag og ta nye fordjupingar til og med det året dei fyller 21 år. Primærvitnemålskvoten oppmuntrar ikkje til å ta fag opp igjen som privatist, medan ungdomskvoten til ei viss grad gjer det.

Primærvitnemålskvote har vore nytta ved opptak til dei medisinske fakulteta og veterinærstudiet. Ved opptaket til medisin finst to kvotar som byggjer på primærvitnemål: ein der berre skolepoenga tel, og ein der det også blir gitt tilleggs-poeng. Til veterinærstudiet blir 50% tekne opp på grunnlag av primærvitnemålet aleine.

I samband med Stortinget si handsaming av St.melding nr. 26 (1995-96) om privatistar i vidaregåande skole uttalte ein samla komite i Innst S nr. 175. m.a.

«Komiteen viser til at 60 pst. av studieplassene ved de medisinske fakultetene er avsatt til søkere med førstegangsvitnemål. Komiteen ser positivt på denne løsningen og mener at egne kvoter for søkere med førstegangsvitnemål kan være aktuelt for flere lukkede studier. Komiteen viser til at en slik ordning trekkes frem som en mulig modell i meldingen. Komiteen vil derfor be departementet se nærmere på denne modellen i forbindelse med arbeidet med nye forskrifter om opptak til høyere utdanning. Komiteen vil på denne bakgrunn be om å bli holdt orientert om arbeidet med opptakskriteriene til høyere utdanning.»

Departementet går inn for å kombinere dei to verkemidla ved å leggje til grunn at det blir oppretta ein kvote for søkjarar med primærvitnemålskvote for søkjarar opp til 21 år. Aldersgrensa gjev rom for løp i vidaregåande opplæring som tek meir enn tre år, utanlandsopphald eller verneplikt, men sikrar at innslaget av unge søkjarar blir stort. Samstundes gjev ei slik ordning ikkje oppfordring til unge søkjarar om å forbetre karakterar som privatist.

Departementet legg til grunn at berre skolepoenga skal telje i primærvitnemålskvoten slik det no gjer til veterinærstudiet og til den eine medisinar-kvoten. Da skjer opptaket i denne kvoten på grunnlag av innsatsen i vidaregåande opplæring aleine. Kvoten stengjer ikkje for at elevar kan forbetre vitnemålet gjennom privatisteksamenar, men da konkurrerer dei utanfor primærvitnemålskvoten. Prinsippet blir altså anten ei vurdering på grunnlag av skolegangen, eller at den enkelte sjølv kan velje om han vil forbetre sin posisjon som søkjar ved nye eksamenar eller ved å satse på tilleggs-poeng.

Departementet legg til grunn at primærvitnemålet er eit samlevitnemål som kan bli laga på grunnlag av 3-årig løp med grunnkurs, VKI og VKII ved alle studieretningar etter Reform 94 når dei generelle krava til felles allmenne fag er oppfylte. Primærvitnemål vil også gjelde dei som har fag- eller sveinebrev, og tek det dei manglar av dei allmenne faga og dermed oppnår generell studiekompetanse.

Det er lagt til rette for at ein kan sikre dokumentasjon av primærvitnemål for elevar som følgjer Re-

form 94. Arbeidet med ein nasjonal vitnemålsdatabase er i god gjenge. Ein reknar med prøvedrift i 1998, og at den nye databasen er fullt operativ i 1999. Det er føresetnaden at alle karakterar vil liggje inne i karakterdatabasar for dei enkelte fylkeskommunane. Dette materialet vil kunne hentast ut til den nasjonale basen. Da vil det ikkje vere tvil om kva som er eleven sitt primærvitnemål, slik det kan vere for elevar som har teke eksamenar på ny og fått skrive ut fleire vitnemål.

Privatistar som ikkje tidlegare har fullført vidaregåande skole, kan også få primærvitnemål for fullført tre-årig vidaregåande opplæring med generell studiekompetanse.

Departementet vil ikkje gjere framlegg om ein fast prosent for primærvitnemålskvoten no utan nærare analyse av søkjardata. Ut frå grunngevinga med kvoten må han gjerast så rommeleg at ein sikrar at godt kvalifiserte søkjarar kan komme inn utan å måtte gå omvegar eller ta fag opp att.

Departementet går inn for at det til alle studium skal nyttast ein kvote der søkjarar som er 21 år eller yngre, blir tekne opp på grunnlag av primærvitnemålet både i universitets- og høgskolesektoren. Som primærvitnemål skal reknast det vitnemålet som eleven/privatisten får etter første gong å ha fullført og greidd vidaregåande opplæring med generell studiekompetanse. Desse søkjarane konkurrerer berre på grunnlag av skolepoenga, det vil seie karakterpoeng og fordjupingspoeng. Ordninga vil bli innført for elevar som har følgd vidaregåande opplæring etter Reform 94, men vil ikkje gjelde elevar som har vitnemål før reforma.

Det vil gje stimulans for elevar i vidaregåande skole til å arbeide seriøst med sikte på å skaffe seg best mogeleg grunnlag for studium. Desse prinsippa vil hindre at mange av elevane må ta omvegar etter avslutta skolegang, anten ved å måtte skaffe seg tilleggs-poeng eller ved å gå opp til eksamen på ny. Samstundes vil det sikre rekruttering av godt kvalifiserte søkjarar til høgare utdanning.

4.3 OMSYNET TIL SØKJARAR MED YRKESKOMPETANSE OG GENERELL STUDIEKOMPETANSE

Reform 94 har som eit grunnleggjande prinsipp at det ikkje berre er studieretning for allmenne, økonomiske og administrative fag og andre studieretningar med hovudvekt på teori som skal gje grunnlag for studium ved universitet og høgskolar. Alle som gjennomfører 3-årig vidaregåande opplæring, skal kunne få studiekompetanse, anten gjennom det tre-årige løpet eller ved å supplere med visse felles allmenne fag.

Bak dette prinsippet ligg ikkje berre omsynet til den einskilde elev, men også den oppfatninga at det er verdfullt at rekrutteringa til høgare utdanning skjer

på ein brei basis. Læringsmiljøet ved universitet og høgskolar blir rikare når ein blant studentane også finn personar med ulik bakgrunn og arbeidserfaring.

Etter Reform 94 er det lagt opp til at ein kan oppnå studiekompetanse på fleire måtar:

- Elevar som etter yrkesfaglege vidaregåande kurs I ønskjer generell studiekompetanse, kan ta vidaregåande kurs II allmennfagleg påbygging.
- Dei som har fag- eller sveinebrev, kan ta det dei manglar av dei allmenne faga norsk, matematikk, engelsk, samfunnslære, nyare historie og naturfag (samla 20 veketimar over eit år) og få generell studiekompetanse.
- Den nye tekniske fagskolen etter Reform 94, som er ei vidare utdanning for dei som har fag- eller sveinebrev, skal gi generell studiekompetanse.

Departementet trur at det blir stadig fleire med yrkesutdanning som vil sjå seg tente med å gå vidare til studium på universitets- og høgskolenivå. Di fleire som vel yrkesfag i vidaregåande skole, di større er sjansane for at dette vil skje. Ei spørjeundersøking blant elevar på dei yrkesfaglege studieretningane i vidaregåande skolar syner at ein tredel av desse elevane etter Reform 94 har som målsetjing å få studiekompetanse, anten direkte gjennom vidaregåande kurs, allmennfagleg påbygging, eller ved delprøver etter eit fagbrev.

I tråd med intensjonane i Reform 94 meiner departementet at det er nødvendig å innføre tiltak som sikrar at dei med fullført yrkeskompetanse som skaffar seg studiekompetanse, skal kunne konkurrere på line med dei med allmennfagleg bakgrunn om opptak til høgre utdanning. Eit aktuelt tiltak kan vere å innføre ein kvote for desse søkjarane slik at dei berre konkurrerer med kvarandre, jf. pkt. 4.6 der dette blir drøfta nærare.

Enkelte av desse søkjarane vil ikkje kunne komme med i ein primærvitnemålskvote som har 21 år som aldersgrense, ettersom dei først vil kunne avslutte opplæringa dette året.

Søkjarar med yrkeskompetanse og generell studiekompetanse er potensielle søkjarar til høgre teknologisk og naturvitskapleg utdanning, og det vil vere viktig å ta omsyn til denne søkjargruppa for å betre rekrutteringa til slike studium.

I samband med opptaket våren 1997 vil departementet be Samordna opptak om at det blir registrert kor mange som søker, og som blir tekne opp ut frå regelen om fag-/sveinebrev og oppfylte krav til allmenne fag. Det vil kunne gje ein peikepinn om kor stor denne gruppa vil vere, enda om ein må rekne med at søkninga går opp med Reform 94, og slike tal vil for denne gruppa først liggje føre seinare.

4.4 OMSYNET TIL ANDRE SØKJARGRUPPER

4.4.1 Søkjarar med generell studiekompetanse på anna grunnlag enn vidaregåande opplæring

Når ein legg vekt på å rekruttere søkjarar med andre kvalifikasjonar enn vidaregåande skole, er det viktig å trekke fram at søkjarar som er minst 23 år gamle og har erfaring frå arbeid eller utdanning i minst 5 år, kan oppnå generell studiekompetanse ved å dokumentere kunnskapar i dei felles allmenne faga.

Departementet legg vekt på at det er nyttig å rekruttere søkjarar med ulik bakgrunn, slik at vaksne søkjarar kan ta høgre utdanning for å vidareutvikle sine kvalifikasjonar.

Denne søkjargruppa vil vere eldre enn dei primærvitnemålskvoten gjeld for. Dei vil derfor ikkje bli vurderte i primærvitnemålskvoten. Under punkt 4.6. vil tiltak for denne søkjargruppa bli drøfta nærare.

Departementet vil be Samordna opptak registrere talet for dei som søker opptak på grunnlag av 23 års alder og fem års arbeid eller utdanning som grunnlag for ei endeleg vurdering av denne gruppa i høve til framtidige rangeringsreglar.

4.4.2 Søkjarar som har forbetra karakterar frå vidaregåande skole

Departementet har understreka at innsatsen under sjølve skolegangen er eit viktig grunnlag for opptak ved universitet og høgskolar. Men utdanningssystemet skal ikkje vere stengt for dei som ønskjer å starte på ny og forbetre karakterane sine. I Innst.S.nr.175(1995-96) om privatisteksamen innanfor vidaregåande skole la Kyrkje-, utdannings- og forskingskomiteen vekt på at det skal vere mogeleg å forbetre dei karakterane ein alt hadde på vitnemålet, men at privatistordninga ikkje må ha negativ innverknad på førstegongsutdanninga i vidaregåande skole.

Departementet meiner at ein kvote der søkjarar som er 21 år eller yngre kan konkurrere på grunnlag av primærvitnemål, vil sikre mot det siste. Kor hard konkurransen om studieplassar vert for søkjarar som fell utanfor denne, eller som ikkje kjem inn der, blir avhengig av kor stor kvoten for søkjarar med primærvitnemål er, og i kva grad talet på kvalifiserte søkjarar overstig talet på studieplassar.

Vidare vil det vere avgjerande kor mykje vekt som blir lagt på skolepoeng i høve til tilleggs-poeng. Eit avgjerande spørsmål er om tilleggs-poeng skal stimulere til meir utdanning eller arbeidspraksis, eller om reglane skal vere nøytrale i høve til ulik aktivitet, slik alderspoenga er det. Vidare er det viktig kor lenge ein søkjar kan tene opp alderspoeng.

Departementet meiner at omsynet til desse søkjarane bør takast vare på ved at storleiken på primærvitnemålskvoten vert fastsett på eit slikt nivå at det

ikkje blir så få studieplassar igjen til andre søkjarar at konkurransen blir urimeleg hard.

4.4.3 Søkjarar med studiekompetanse på grunnlag av 2 år høgre utdanning

Forskrifta om generell studiekompetanse av 23.12.1996 fastset at søkjarar som tidlegare har fullført høgre utdanning av minst 2 års lengd, får studiekompetanse. Departementet la i samband med innføring av generell studiekompetanse vekt på at det ikkje ville vere rimeleg at dei som til dømes har fullført høgskoleutdanning fram til førskolelærer eller sjukepleiar, skulle måtte ta fag frå vidaregåande skole for å studere ved universitet eller høgskole. Dette vil ofte vere fag som skal tene som vidareutdanning i høve til deira grunnutdanning.

Det er ikkje fastsett reglar for korleis desse søkjarane skal vurderast i høve til kvarandre eller til andre søkjarar. Ved dei statlege høgskolane kan dei etter gjeldande reglar takast opp ut frå særskilt vurdering, og universiteta tek òg opp etter individuell vurdering.

Departementet ønskjer å rådføre seg med institusjonane om korleis utvalet av slike søkjarar best kan skje når ein våren 1997 for første gang får erfaring med kor mange søkjarar dette kan dreie seg om. Prinsipp for rangering kan drøftast i samband med høyring av forskrifta.

4.5 RANGERING AV SØKJARAR UTANOM PRIMÆRVITNEMÅLSKVOTEN

4.5.1 Drøfting av ulike handlingsalternativ

Departementet meiner som nemnt at det er rett å nytte skolepoeng på grunnlag av primærvitnemål som eit hovudkriterium for opptak til høgre utdanning. For dei søkjargruppene som ikkje passar inn, og for dei som ikkje når opp i denne gruppa, må det fastsetjast kva prinsipp som skal leggjast til grunn for rangering av desse søkjarane ved studium med regulert opptak.

Tilleggspong har som effekt at andre forhold veg opp for skolekarakterane. Tilleggspong for ulike aktivitetar er blitt nytta ut frå ulike omsyn, som til dømes å stimulere søkjarar til å velje visse utdanningar eller yrkespraksis og å kompensere belastningar. Kvotar er eigna til å sikre visse grupper ein del av studieplassane og å rette opp uønskte effektar av eit generelt system.

Kvotar, tilleggspong og opptaksprøver er ulike verkemiddel ein kan nytte for å sikre opptak for søkjarar med ein bestemt bakgrunn. Det er tidlegare peika på at ein i eit regelsett for opptak ikkje bør ha for mange komponentar i form av kvotar eller måtar å tene opp tilleggspong på. Kombinasjonen av ulike system for tilleggspong og kvotar kan gjere det vanskeleg å sjå kva verknader reglane vil ha for ran-

gering søkjarane imellom, og dei kan oppheve kvarandre som verkemiddel.

Det må generelt vere ei målsetjing å ha få poeng-kategoriar. Dette vil ta vare på omsynet til eit oversiktleg system, og ein unngår avveging av ulike aktivitetar i høve til kvarandre når regelsettet skal utformast. Slik blir det òg mindre tidsbruk for å vurdere søknadene. Mange kategoriar kan i praksis opne for grensedraging og ulikt skjønn, noko som ikkje vil bli opplevd som rettvis.

4.5.2 Tilleggspong

I kapittel 1 er det gjort greie for ulike ordningar for tilleggspong som galdt i høgskolesektoren før. Tilleggspong vart tidlegare tildelte for ulike aktivitetar som søkjarane hadde utført etter vidaregåande opplæring, slik som yrkespraksis, anna utdanning, organisasjonserfaring m.fl. Desse kriteria fall i hovudtrekk bort frå 1992. I staden kom eit regelsett som for opptak til statlege høgskolar gjev tilleggspong for alder, for høgre utdanning i inntil eitt år og for militær- eller sivilteneste. Til nokre få utdanningar blir det gjeve tilleggspong for kvinnelege søkjarar. I universitetssektoren er det ulike reglar, men tilleggspong vert i hovudsak gjeve for alder, yrkeserfaring, anna høgre utdanning, militær-/sivilteneste og til det underrepresenterte kjønn.

Stortinget har vedteke at elevar som gjennomfører eit folkehøgskoleår, under føresetnad av skoledokumentasjon og registrert elevframmøte på 90 %, skal få utteljing i form av tre konkurransepoeng ved opptak til høgre utdanning. Vedtaket er slik at ordninga først kan gjelde dei som fullfører slik utdanning i skuleåret 1997/98, og ordninga kan derfor ikkje få verknad før ved opptaket til studieåret 1998/99.

I Innst.S.nr. 91 (1996-97) strekar Kyrkje-, utdannings- og forskingskomiteen under at det skal visast varsemd slik at ein ikkje på ny opnar ei generell ordning med poeng for ei rekkje utdanningar. Departementet vil leggje dette til grunn for sine framlegg.

Utdanning kan vere relevant bakgrunn for studium, og det kan gi gode kvalifikasjonar når det gjeld forståing, arbeidsvanar og studieteknikk. Samstundes risikerer ein at delar av utdanningssystemet tener som omveg til andre studium. I verste fall vil velkvalifiserte søkjarar på jakt etter tilleggspong stengje ute dei som har slik utdanning som primærønske.

Etter departementet sitt syn er det ikkje aktuelt å innføre ei generell ordning som let anna utdanning, t.d. meir enn fire år i vidaregåande utdanning, gje tilleggspong ved opptak til universitet og høgskolar. Gjennom omlegginga av vidaregåande opplæring er det lagt opp til at alle skal ha rett til tre år opplæring, og det er viktig at elevane ikkje skal gå omvegar i dette skoleslaget. Det ville vere å gje eit motsett signal om dette skulle telje ekstra. Det er etter departe-

mentet sitt syn heller ikkje aktuelt å premiere andre typar utdanningstilbod enn høgare utdanning og eitt folkehøgskoleår, som er drøfta nedanfor.

- Tilleggs-poeng for alder:

I Stortinget sitt vedtak om poeng for folkehøgskoleår heiter det at desse kjem i tillegg til alderspoenga. Departementet legg til grunn at Stortinget med dette ønskjer at alderspoeng skal bli vidareførte. Tilleggs-poeng for alder kom i staden for spesifiserte system for ulike utdanningar og omsorgs- og yrkespraksis og veksla dette inn i ei generell ordning. Alderspoenga fangar opp både arbeidserfaring, utdanning og anna livserfaring utan å nytte millimetermål. Alderspoeng er høgt korrelert med arbeids- og omsorgserfaring og utdanning ut over vidaregåande skole, men diskriminerer ikkje dei arbeidslause. Ved å nytte eit så generelt verkemiddel blir det ikkje etablert nye portar som søkjarane blir oppmoda til å komme seg gjennom. Poeng for alder er innarbeidd i høgskolesektoren og til mange studium i universitetssektoren.

Dersom ein ikkje gjev poeng for alder eller for praksis, vil ein kunne få eit større press på vidaregåande skole ved at den viktigaste måten dei søkjarane som ikkje når fram i primærvitnemålsvoten kan auke sin poengsum på, er å forbetre karakterar i fag frå vidaregåande skole. Det ville vere lite tenleg for mange av søkjarane, og det ville oppretthalde presset på privatisteksamenar.

Departementet går inn for at alderspoeng framleis skal vere eit hovudsystem for å tildele tilleggs-poeng. Ordninga bør også i framtida vere avgrensa til ei oppteningstid på 4 år. Det gjev rom for ulike aktivitetar som kvalifiserer for studium, gjev høve til utprøving i arbeidslivet og til personleg mogning. Å premiere meir enn fire år vil ikkje vere føremålstenleg i høve til studiestart når nokre av dei strengt regulerte studia tek 6-7 år. Men det set ikkje sperre overfor søkjarar som er eldre enn dette.

Det er no slik at ein ved opptak til høgskoleutdanning på grunnlag av 3-årig vidaregåande opplæring gir 3 tilleggs-poeng for kvart år i fire år etter fylte 19 år. Oppteninga stansar altså når ein fyller 23 år. Ved dei universiteta som har nytta alderspoeng, tel tilleggs-poeng for alder 1 poeng pr. år. Departementet meiner det er ønskjeleg, dersom systemet skal vere felles, at det blir gitt 2 alderspoeng for kvart år.

- Tilleggs-poeng for høgare utdanning:

Alle studium har i dag ordningar for tilleggs-poeng for anna høgare utdanning, men det er skilnad på kor mange år som tel, og kva vekt poenga har i høve til andre faktorar. Ved høgskolane blir det gitt maksimalt to poeng for eitt års studium. Universiteta gjev opp til 12 poeng for 40 vektall frå høgare utdanning ved opptak til medisin utanom primærvitnemålsvoten, og Universitetet i Bergen gir 10 poeng for 60 vektall.

Ved ein del studium vil det vere ein klar fordel å ha studert andre fag tidlegare. For dei som søker opptak ved eit universitet og har teke fag ved ein høgskole eller eit anna universitet, er det naturleg å gje eit tillegg for tidlegare gjennomførte studium. Noregsnettanken talar og for å gje tilleggs-poeng for høgare utdanning. Poenga vil vere med på å lette studentflyten og sikre fagleg breidde.

Samstundes må ein søkje å unngå å stimulere til poengsanking eller til å fullføre fleire utdanningar. Det bør heller ikkje bli gjeve poeng for uavslutta studium/fag, ettersom det ikkje er ei rasjonell utnytting av utdanningssystemet.

Departementet meiner at høgare utdanning framleis skal gje poeng for opptak til universitet og høgskolar, og ein ikkje skal gje utteljing for meir enn eitt års studium. Eit grunnfag kan gå inn som del av grad eller kan på anna måte tene som verdfull fagleg bakgrunn for studium. Eitt fullført årsstudium eller tilsvarende bør derfor telje like mykje som eit folkehøgskoleår, og altså gi tre poeng. Ei differensiering ned til halvårige studium /10 vektall er tilstrekkeleg, slik at det blir gjeve 1,5 poeng for eit halvårig fullført studium.

Departementet meiner at same søkjar ikkje bør kunne få tilleggs-poeng både for eit folkehøgskoleår og for høgare utdanning. Ved å setje tre poeng som tak for utteljing for utdanning, unngår ein å stimulere til to års utdanning før studenten tek til på sjølve studiet. Søkjaren vil òg kunne velje mellom eit år på folkehøgskole, som legg stor vekt på personleg vokter, og eitt års studium, som for enkelte kan vere del av det planlagde utdanningsløpet, men som for andre vil vere ein omveg for å komme inn der ein helst vil.

- Tilleggs-poeng for militær-/sivilteneste:

Ordninga med eitt tilleggs-poeng for gjennomført militærteneste har vore praktisert i høgskolesektoren, men berre i liten grad i universitetssektoren. Bakgrunnen for desse poenga er at ein fann det rett å honorere ekstra dei som er pålagde å nytte eitt år til slik teneste. Kvinner som har utført friviljug førstegongsteneste, har ikkje fått poeng.

Søkjarar med militær-/sivilteneste vil på same måte som andre søkjarar, få alderspoeng, dersom denne ordninga blir vidareført. Enkelte offisersutdanningar vil òg kunne gje utteljing ved at dei tel som høgare utdanning.

Det er sett ned eit offentleg utval som skal vurdere tiltak til fordel for dei som avtener verneplikt. Tilleggs-poeng er nemnt som eit av fleire moglege verkemiddel.

Departementet går inn for å forlengje ordninga med eitt tilleggs-poeng for militær førstegongsteneste og sivilteneste inntil vidare, og meiner at ho bør bli utvida til å gjelde opptak til alle studium ved universitet og høgskolar.

- Tilleggs-poeng for det underrepresenterte kjønn

Departementet har hatt heimel til å godkjenne inntil to tilleggs-poeng for det underrepresenterte kjønn ved opptak til statlege høgskolar. Noregs teknisk-naturvitskaplege universitet gjev òg tilleggs-poeng for kvinnelege søkjarar til visse studium. Kvinnelege søkjarar har fått slike poeng til enkelte utdanningar, mest innan teknologi. I prinsippet er det høve til å gje poeng for mannlege søkjarar til utdanningar der kvinner er overrepresenterte i utdanning eller yrke, men slike konkrete framlegg er ikkje sette fram av institusjonane.

Departementet meiner det bør vere høve til å gje tilleggs-poeng for det underrepresenterte kjønn der fordelinga mellom kvinner og menn er særskilt skeiv.

4.5.3 Kriterium for val mellom søkjarar med lik poengsum

Informasjon frå Samordna opptak syner at det ved opptak til dei fleste studia er nødvendig med reglar som skil søkjarar med lik poengsum. Etter gjeldande reglar i høgskolesektoren går eldre søkjarar føre yngre når fleire søkjarar har lik poengsum.

Det kan også argumenterast for at den yngste søkjaren skal gå føre. Eit alternativ til å skilje etter alder er å ha loddtrekking. Eit motargument mot denne løysinga er at ho kan opplevast som vilkårleg. Men det vil normalt ikkje vere mange søkjarar som kjem ut med same poengsum, og dei yngste vil kunne hevde at å skilje etter kva månad ein er fødd i året, ikkje er rettvis. Rangeringa i slike tilfelle skjer uansett ikkje etter ei vurdering av kvalifikasjonar. Departementet meiner at loddtrekking bør innførast som rangeringskriterium dersom fleire søkjarar har same poengsum.

4.6 KVOTAR SOM VERKEMIDDEL

Kvotar kan nyttast til å sikre ei gruppe ein viss del av studie-plassane. Det kan òg komme på tale å godkjenne kvotar slik at det for nokre av plassane kan nyttast andre kriterium enn det som følgjer av dei generelle reglane.

Det er gjort greie for primærvitnemålskvoten ved medisin og veterinærstudiet. I tillegg finst mellom anna kvotar knytte til bustad eller etnisk gruppe, kvotar for søkjarar med forkurs til ingeniørutdanning eller aspirantkurs for opptak til maritim utdanning osv. Dei statlege høgskolane i Troms og Finnmark har teke opp 80% av søkjarane til helsefagutdanningane blant dei som kjem frå Nord-Noreg. Universitetet i Tromsø har teke særleg omsyn til samar ved opptak til visse studium som medisin.

Det har òg vore høve til å knytte opptak til desentralisert utdanning til kombinasjon med arbeid i t.d. skole og barnehage. Departementet har ført ein restriktiv praksis når det gjeld kvotar, men ser at det

kan vere viktig at det er heimel til å fastsetje slike verkemiddel enten permanent eller i periodar

Det har vore diskutert å nytte radikal kjønnskvo-tering til fordel for kvinnelege søkjarar til teknisk utdanning og for mannlege til visse omsorgsyrke. Likestillingsombodet har i samband med eit forslag om eigen kvinnekvote til informatikkstudiet ved NTNU uttalt at ein ikkje kan gjere radikal kvotering, slik at det blir vesentlege skilnader i kvalifikasjonane hos dei som blir tekne opp. Likestillingsombodet har uttalt at eit avvik på 10% i opptakspoeng vil ligge innafor kravet om tilnærma like vilkår. På grunnlag av dette har departementet gjeve universitetet løyve til å særbehandle kvinnelege søkjarar under føresetnad av at det ikkje kjem i motstrid med denne tolkinga.

Det er tidlegare gjort greie for at departementet går inn for at skal vere ein primærvitnemålskvote der søkjarar som er 21 år eller yngre, skal bli vurdert på grunnlag av skolepoenga aleine.

Departementet går inn for at det i eit felles regelsett framleis vert opna for at departementet kan fastsetje kvotar.

Kvote er nemnt som eit mogleg tiltak under punkt 4.3 og 4.4.1 for søkjarar med yrkeskompetanse og generell studiekompetanse, samt dei som er 23 år og har studiekompetanse på grunnlag av fem års erfaring frå arbeidsliv eller utdanning, og som fyller krava i dei felles allmenne faga. Dette må bli vurdert på grunnlag av dei data Samordna opptak er bede om å skaffe fram frå opptaket våren 1997. Det er viktig at det ikkje blir mange kvotar, der verknadene kan oppheve kvarandre. Dersom ein på grunnlag av ei vurdering av opptaksdata kjem fram til at kvote vil vere eit eigna verkemiddel, må det vurderast å sjå dei som har yrkeskompetanse saman med dei som skal takast opp på grunnlag av 23 års alder og yrkeserfaring eller utdanning og dei som i framtida tek teknisk fagskole etter ny plan.

Blant andre døme der det kan vere aktuelt å nytte kvotar, kan nemnast samiske søkjarar, kvote knytt til bustad, kvote for søkjarar med innvandringsbakgrunn. Kvotane skal kunne nyttast til å sikre dei aktuelle gruppene ein minstedel av det samla opptaket. Ein slik heimel kan vere nødvendig dersom ein ser at det trengst særskilde verkemiddel for å rekruttere ulike søkjargrupper til visse studium. Heimel til å fastsetje slike kvotar må forankrast i departementet for å unngå at føresetnaden om felles prinsipp for opptaksreglane ikkje blir gjennomhola.

4.7 OPPTAK UTANOM POENGREGLANE ETTER INDIVIDUELL VURDERING

Universitet og høgskolar har på visse vilkår praktisert høve til å gjere individuell vurdering av søkjarane. Dels gjeld dette søkjarar med opptaksgrunnlag frå utlandet. Mange av dei kan ikkje få karakterpoeng av di dei ikkje har karakterar frå norsk vidaregå-

ande skole. Det gjeld òg andre søkjarar som på grunn av ulike forhold, bør bli spesielt vurderte. Som døme på kva grunnlaget kan vere, kan nemnast at anna morsmål enn norsk, sjukdom eller funksjonshemming gjer at karakterane ikkje gjev eit rett bilete av søkjarane sine kvalifikasjonar. Ved opptak til høgskolane har det vore sett eit tak på 10% av studieplassane der søkjarar kan takast opp på grunnlag av slik vurdering. Dette er ikkje ein kvote, men ei øvre grense, og denne fullmakta har langt frå alltid vore nytta fullt ut.

Universiteta har gjort individuelle vurderingar særleg når det gjeld søkjarar med anna opptaksgrunnlag enn tre-årig vidaregåande skole.

Departementet går inn for at ein framleis bør opne for opptak av søkjarar på slike kriterium.

Det skal framleis vere høve til vurdering utanom poengreglar i tilfelle der søkjarane ikkje kan poengsetjast for karakterar, eller der det er særlege grunnar for individuell vurdering. Desse søkjarane må vere studiekvalifiserte i høve til kravet om generell studiekompetanse og eventuelle spesielle opptakskrav, og det skal skje ei reell vurdering av om dei er kvalifiserte på line med andre som blir tekne opp.

4.8 OPPTAKSPRØVER SOM RANGERINGSKRITERIUM

Med meir enn 100 000 søkjarar til høgere utdanning vil det vere særst tidkrevjande om det skulle vere ut-

strakt bruk av opptaksprøver. Departementet legg til grunn at slike prøver berre kjem på tale der det for å gjennomføre studiet, krevst særleg dugleik som ikkje er dokumentert gjennom skoleverket.

Opptaksprøver og innsende arbeid kan nyttast som spesielt opptakskrav for å få dokumentert særskild dugleik, utan at søkjarane får poeng etter innsatsen her. Opptaksprøver eller innsende arbeid kan òg nyttast som rangeringskriterium, slik at søkjarane blir rangerte og utvalde etter desse prestasjonane. Opptaksprøve som spesielt opptakskrav fell utanfor ramma av denne meldinga, og vil ikkje bli drøfta her. Nokre av dei kunstfaglege utdanningane har hatt unntak frå kravet om generell studiekompetanse, og dei har rangert søkjarane etter opptaksprøve, medan andre har nytta opptaksprøve som rangeringskriterium samstundes som ein krev studiekompetanse. Det er særleg ved kunstneriske utdanningar, anten det gjeld biletkunst eller musikk, der det er naturleg å bruke opptaksprøve eller innsende arbeid til å velje ut søkjarane ut frå kunstnerisk evne og dugleik i høve til studiet, men det gjeld òg idrett og visse andre studium.

Departementet meiner det framleis bør vere høve til å nytte opptaksprøve på visse område, men at rettstryggleik for studentane og dei store ressursane dette krev både frå søkjarar og opptaksorgan, gjer at bruken ikkje kan vere omfattande. Heimel til å fastsetje opptaksprøve som rangeringskriterium bør ligge i departementet, som kan sikre at slik praksis let seg innpasse i eit nasjonalt regelsett for opptak.

5 Oppsummering av departementet sine konklusjonar

5.1 EITT FELLES REGELSETT

Det bør fastsetjast eit felles regelsett for rangering av søkjarar til universitet og høgskolar. Det kan gjerast unntak for visse utdanningar, men det er likevel føresetnaden at same reglar skal gjelde for same utdanning på landsbasis.

5.2 KOMPONENTAR I EIT FELLES REGELSETT

- Primærvitnemålskvote for søkjarar opp til 21 år. I denne kvoten er det berre skolepoeng som tel.
- Heimel for andre kvotar
- Utrekning av skolepoeng på grunnlag av alle karakterar
- Fordjupingspoeng med særleg vekt på fysikk og matematikk
- Tilleggspoeng for alder
- Tilleggspoeng for folkehøgskoleår eller eitt års høgare utdanning
- Tilleggspoeng for militær- eller sivilteneste
- Høve til opptak etter individuell vurdering utanom poengreglane for inntil 10% av søkjarane
- Opptaksprøver kan godtakast som utvalskriterium til visse utdanningar
- Det kan gjerast unntak frå dei generelle reglane for visse studium

5.3 OVERGANGSORDNINGAR OG IVERKSETJING

Når det blir vedteke å nytte nye opptaksreglar, må ein vurdere kravet om at nyordninga må bli varsla i god tid. Det vil gje dei som går i skolen, tid til å førebu seg i høve til dei krava som skal gjelde. Alternativt kan det bli vedteke overgangsreglar slik at dei

som alt har innstilt seg etter tidlegare reglar, kan få løn for strev.

Når Stortinget har drøfta kva prinsipp som skal gjelde for opptak til universitet og høgskolar, vil departementet på grunnlag av denne behandlinga utarbeide utkast til forskrifter, som skal på høyring. Etersom det ikkje ligg noka utvalsinnstilling til grunn, vil denne høyringsrunden vere særleg viktig i dette tilfellet.

Departementet meiner det vil vere ønskjeleg at nye prinsipp for opptak kan gjelde fullt ut frå studieåret 1999/2000. Dersom Stortinget sluttar seg til hovudprinsippa i denne meldinga, meiner departementet at det vil gje god tid til at søkjarane kan førebu seg i høve til dei nye prinsippa. Primærvitnemålskvoten vil omfatte dei tre årskulla som da har fullført tre-årig utdanning etter Reform 94. Dei som tek eksamen i 1997 og 1998, vil vite at dei kan konkurrere på grunnlag av skolepoeng.

Storleiken på ulike kvotar kan først setjast når ein har betre talgrunnlag for ulike søkjargrupper, men primærvitnemålskvoten må vere stor nok til å sikre at mange av dei velkvalifiserte unge søkjarane kjem inn direkte.

Nokre av forslaga bør ta til å gjelde frå opptaket til studieåret 1998/99. Stortinget har vedteke at folkehøgskolepoenga skal gjelde frå dette tidspunktet. Dersom det er tilslutning til at desse poenga bør komme som alternativ, ikkje som tillegg til poeng for høgare utdanning, og at desse skal telje likt, bør denne ordninga også gjelde frå same året. Departementet meiner dessutan at forslaget om å rekne inn spesielle opptakskravsfag tekne etter fullført vidaregåande skole i karakterpoenga, også bør gjelde frå 1998.

Inntil ei samla ny forskrift kan gjelde frå opptaket hausten 1999, vil dei gjeldande reglane for universitet og høgskolar som hovudprinsipp bli vidareførte med dei justeringane det er gjort greie for .

6 Økonomiske og administrative konsekvensar

Departementet legg til grunn at den samordna opptaksmodellen som er utvikla av Samordna opptak, skal bli vidareutvikla. Modellen inneber at søkjaren berre sender inn ein søknad, og at den institusjonen søkjaren har sett som høgste prioritet, vurderer søknaden i høve til alle søknadsalternativa. Med felles rangeringsreglar til alle grunnutdanningar vil utgiftene knytte til søknadsbehandlinga ikkje auke, men det kan bli ei anna fordeling av arbeidet med å behandle søkjarar institusjonane imellom. Med ein nasjonal vitnemålsdatabase vil data som gjeld elevar

som har fullført 3-årig løp i vidaregåande skole etter Reform 94, kunne lette opptaksarbeidet.

Kyrkje-, utdannings- og forskingsdepartementet

t i l r å r :

Tilråding frå Kyrkje-, utdannings- og forskingsdepartementet av 2. mai 1997 om prinsipp for rangering av søkjarar til studium ved universitet og høgskolar blir sendt Stortinget.
